

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. (6)

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr. 6.

Herad: Veøy

Emne: Folkelege Musikkinstrument

Bygdelag: Rødven

Oppskr. av: Eiliv Sandnes

Gard:

(adresse): Rødven

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Etter eiga røynsle.**

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Lurar - vanlegvis av orebork ("borkalur") har ikkje, såvidt innsendaren hugsar (omlag 50 år attende), vore utstyrt med noko slag lydskapande ved munningsenden.

2. Orda: halm, harpipe som namn for lur eller eit anna slag instrument, kjenner ein ikkje her.

3. Dei ymse ⁿråglar som er nemnt her, veit ein ikkje no av.

4. Enkle måtar å få fram knall og smell kjenner ein til, og mange av desse er vel brukt enno, som t.d. å smella eit blad i handa, smella ein pose med luft, smella blomsterkruna til visse slag klokkeblomar t.d. blåklokke, revebjølle, då o. fl. Å leggja glør på ambolten og slå til, netaskal i elden o.s.b. har vel vore brukt, men noko serlege nemningar veit ein ikkje av.

Gevær- og dynamittskot ved festlege høve, helst 17. mai, har vore og er enno brukt. I eldre tid var det så at dei "skaut inn" jula og. Noko slag serlege truer som knytte seg til dette, veit ein ikkje av no.

5. Ein kjenner helder ikkje til serlege lyder eller u-lyder som skulle driva bort vonde ånder, sjukdom o.l.